



Arealet dei har dyrka er ringa inn med raudt.

**Dei tre brørne Kjell Arne, Trond Johannes og Geir Inge Myklebust som er saman om Kjærland Samdrift, utvidar stadig det dyrka arealet på garden deira på Feet som for ein god del år sidan var i Gudmunn Feet si eige. Nydyrkinga starta for to år sidan, fortsette i fjor og i år har dei lagt endå fleire dekar under plogen.**

Det er eit imponerande arbeid som er gjort i det tidlegare skredområdet der det var mildt sagt mykje stein! Dei starta med området nærast løa for to år sidan. I fjor fortsette dei vidare med eit tilsvarande areal før dei i år har gjort eit stort dyrkingsarbeid litt lengre oppe, på Rauneflåto. No er dei i gang med steinplukking og har køyrt vekk stein i tre kveldar. Det er ikkje slutt med det. Det skal horvast på nytt, og då kjem ny stein fram. Sjølv om dei er utstyrt med steinplukkar, må likevel stein av ein viss storleik plukkast for hand. No ser dei enden på storarbeidet, og planen er at det vert såing i denne veka med finver som vi er inne i no.

Alt arbeidet med heile dyrkningsprosjekt har dei stått for sjølve frå trefydjing til ferdig dyrka mark. Arbeidet er gjort med egne maskinar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland